

RAMMEAVTALE OM KJØP AV KJERNEFRUKT TIL PRESS 2023

Mellom

Fruktlagera i Hardanger i samarbeid (seljar/ane):

Hardanger Fjordfrukt SA
Org.nr. 985 323 461

Ullensvang Fruktlager SA
Org. Nr 933 859 053

PL Nå Fruktlager BA
Org.nr 986 890 580

og

Hardanger Siderprodusentlag
Org. Nr 988 131 857

1. BAKGRUNN OG FØREMÅL

Bakgrunn for avtala er at partane ynskjer å ha ei formalisert avtale ift. kjøp og sal av pressfrukt mellom fruktlagera og kjøparane av presseple og pærer i Hardanger.

Avtala skal sikra at varer og tenester vert levert i høve til kvalitetskrav, leveringsavtalar og avtalte prisar.

Vidare vil avtala tydeleggjera samarbeid mellom fruktlagera på tvers av fjordsidene for å letta tilgjengelegheita av pressfrukt av dei ulike sortane. Målet er å tilfredsstilla behova hjå kjøparane.

2. PRODUKT

Fruktlagera kan levera eple og pære som er hausta som pressfrukt frå produsent, eller eple og pære som er utsortert under pakking.

Alle sortane som fruktlagera tek i mot kan leverast.

3. MENGD

Denne avtalen for 2023 gjeld kjøp av presseple- og pærer. Mengd eple vert fordelt rettvis mellom Hardanger Siderprodusentlag og andre kundar tilhøyrande fruktlagera. Alle kundar vert avkorta på same måte i år med lite volum.

Prognosar for kvar sesong må presenterast av fruktlager og siderprodusentane fyrst i april og justerast att i juli/august. Totalprognosane fordelt på dei ulike kundegruppene vert presentert og delt med alle kundar.

Fruktlagera vil koordinera totalvolumet på pressfrukt med sikte på å kunna levera i tråd med kjøparen sine ynskje. Dersom det fruktlageret som kjøparen til vanleg har kontakt med ikkje har tilstrekkeleg mengde av den eine ynskte sorten til leveringsplanen, vil dei andre to fruktlagera forsøka å levera ynskt mengd til kjøparen. Fruktlageret som manglar råvara vil då på vegne av, og etter samtale med kjøparen, ta direkte kontakt med dei andre fruktlagera for å avtala mogeleg alternativ levering.

Dersom fruktlagera samla ikkje har nok mengd av ein sort til ei levering, vil fruktlagera erstatta manglande mengd med annan sort etter samtale med, og i forståing med kjøparen, slik at totalvolumet kan leverast.

Då faktisk tilgjengeleg volum kan avvika i høve til prognosane, tek fruktlagera atterhald om mogeleg justering av avtalt totalmengde og/eller mengde pr sort, dersom det skulle syna seg å verta knappheit på råvara i sesongen. I eit slikt tilfelle vil fruktlagera si koordinering gjera ei så rettvis fordeling mellom kjøparane som mogeleg, og informera kjøparane om dette utan ugrunna opphald. Grunnlaget for fordelinga vert volum som er handla året før innanfor ulike kvalitetsklassar

Kjøpar må henta ut totalvolumet som er tinga for sesongen.

4. TINGING

Kvart fruktlager lagar egne avtalar direkte med kvar siderprodusent som ein skal levera til. Avtalen regulerer volum, kvalitet og pris.

Fruktlagera skal få ein leveringsplan frå siderprodusentane for ynskte leveringar for heile sesongen innan 1.september. Små justeringar kan gjerast undervegs i sesongen.

5. LEVERING

Kjøparen av pressfrukt hentar sjølv frukta på fruktlageret, eller ordnar sjølv med transport. Dersom det vert avtalt at fruktlageret skal frakta vara til kjøparen vil det bli fakturert eit frakttillegg jfr vedlagd prisliste til denne avtala.

Tomkassar skal tilbakeleverast fruktlageret utan ugrunna opphald.

Sjåfør loggfører antal kassar levert og antal kassar i retur frå kvar kjøpar. Kassar som tilhøyrrer fruktlageret skal ikkje nyttast i kjøparen sin eigen produksjon. Kjøparen stablar kassar med tre i høgda (ikkje buntast) slik at fruktlageret har oversikt over kven som eig kassane når dei kjem i retur.

Levering av frukt skjer måndag til laurdag, ikkje sundag.

Ved kvar levering signerer både seljar og kjøpar på følgebrev som syner eplesort og antal kg levert.

Ved direktelevering frå fruktlager sine medlemmer til kjøpar, skal følgebrev meldast inn til fruktlager utan ugrunna opphald. Direktelevering skal skje etter avtale med fruktlager.

6. KVALITET

Dersom ikkje anna er avtalt, vert pressfrukta levert etter gjeldande kvalitetskrav som vert nytta i høve pressing av Tine-juicen på Aga.

Kjøparen godkjenner vara/frukta ved leveringstidspunktet hjå mottakaren, og vara/frukta må oppbevarast forsvarleg etter mottak slik at kvalitet ikkje vert forringa før pressing. Skulle enkelte kjøparar ha egne kvalitetsspesifikasjonar må dette avtalast direkte mellom kjøpar og kvart fruktlager.

Reklamasjonar knytt til råte og trykkfastleik må meldast skriftleg til fruktlageret innan 2 dagar etter mottak. Andre reklamasjonar (størrelse, brix, sjukdomar, mold/gras og andre framandlekamar) må meldast inn skriftleg innan 2 dagar etter pressing av frukta. Dersom det vert levert pressfrukt som ikkje etterlev gjeldande kvalitetskrav vil ein i samråd med fruktlager avtale ein evt. reduksjon i pris eller at kjøpar får tilbod om anna parti eple.

Fruktlageret innestår ikkje for kvalitet på pressfrukt som kjøparen av pressfrukt har bestilt på eit tidlegare tidspunkt, og som etter avtale står på kjøp på fruktlageret etter 1.desember.

Pressfrukt som er utsorterte og innleverte skal i utgangspunkt lagrast på kjøp i påvente av utlevering til kjøpar. Fruktlager minnar sine medlemmer på at pressfrukt bør leverast snarleg til kjøling på fruktlager.

7. FAKTURERING

Varene vert fakturert med 14 dagar kredittid. Dersom kjøparen sel vidare frukt, vert denne fakturert direkte frå kjøparen.

Varene vert fakturert kjøpar frå fruktlageret som har levert frukta.

Stad: _____ Dato: _____

(Hardanger Siderproducentlag)

(Hardanger Fjordfrukt)

(Nå Fruktlager)

(Ullensvang Fruktlager)